



David Eide på sommaravslutninga oppe i skogen på Kjerland.

- Vi leiarane i sundagsskulen på Uskedalen bedehus vil bytta dag frå sundag til laurdag, koke graut og satsa meir på song, musikk og rytmeinstrument, fortel Nelly Kjærland.

- «Laurdagsskule graut = sant» vert lagt opp som ei familiesamling 5 gongar no i haust. Vi håper at foreldre,

besteforeldre, fadderar o.l. kan kome med born i alle aldrar. Vi satsar på eit opplegg som fengjer born opp til ca. 4. klasse. Dei som vil koma åleine, treng ikkje ha med seg vaksne.

Vi startar med at borna får klistremerker til fram møtekorta sine og så fortsetter vi med eit sundagsskuleopplegg: Gratis lotteri, forteljarstund frå Bibelen, masse song, aktivitet m.m. Og så et vi graut saman og kosar oss til slutt.

Når det nærmar seg jul får sundagsskulen besøk av Marit A Røen som jobbar i Indremisjonen og det vert då julegåve- og bokstend.

Siste gongen før jul er det juleverkstad, då er Oddbjørg Heimark med og støyper lys og Anna Ingeborg Bjørnebøle tovar englar.

- Vi har born frå Herøysundet og Uskedalen no på sundagsskulen, og vi vil ønskje gamle og nye born hjarteleg velkomen til bedehuset førstkommende laurdag, seier Nelly.